



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato  
04.11.2016  
Dykkar dato  
19.10.2016

Vår referanse  
2016/13624 542.1  
Dykkar referanse  
Ingebrigt Landa

Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS

### Rapport frå inspeksjon ved Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS på lokaliteten Brattavika 19. oktober 2016

Rapportnummer: 2016.081.I.FMHO

#### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:  
Audny Heimark Tveit  
Torbjørn Karlsen  
Eirik Matre  
Ingebrigt G Landa

Frå Fylkesmannen i Hordaland:  
Anne Christine Knag  
Lena Ziskason  
Tom N Pedersen

#### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 2 avvik under inspeksjonen innan følgjande tema:

- krav i utsleppsløyve
- internkontroll

Avvika og merknadene er nærare omtalt frå side 3 og utover i rapporten.

Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS må sende ei skriftleg stadfesting innan **1. januar 2017** på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side to.

Tom N. Pedersen  
seniorrådgjevar

Anne Christine Knag  
overingeniør

*Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til: Austevoll kommune

## 1. Informasjon om verksemda

<b>Namn:</b> Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS	<b>Kontrollklasse/risikoklasse:</b> 3
<b>Besøksadresse:</b> Brattavika	
<b>Postadresse:</b> Alfabygget, 5392 Storebø	
<b>E-post:</b> Ingebrigt.Landa@br-birkeland.no	<b>Telefon:</b> 56 18 11 10
<b>Kommune:</b> Austevoll	<b>Organisasjonsnr.:</b> 947 607 855
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 03.211	<b>Eigar (org.nr.):</b> 947 607 855
<b>Løyve sist oppdatert:</b> 12. mai 2015	<b>Siste tilsyn:</b> -

## 2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir haldne. Fylkesmannen har eit risikobasert tilsyn av matfiskeanlegga i Hordaland. Det har tidligare ikkje vore tilsyn på lokaliteten.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- internkontroll
- resipientgranskingar
- leiinga (driftsleiinga) sitt ansvar for ytre miljø
- drift og førebyggjande vedlikehald av anlegget
- utslepp til vatn, luft og støy
- handtering av farlig avfall
- handtering av kjemikal og substitusjon av kjemikal
- krav i utsleppsløyve (12. mai 2015)

## 3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan **1. januar 2017** sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne med billedokumentasjon.

## 4. Kontrollgebyr

Som varsla i e-post datert 5. oktober 2016 skal Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 3. Dette betyr at de skal betale 12 500 kroner for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

## 5. Offentleggjering

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på [www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland), jf. offentleglova.

## 6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- produktkontrolllova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- internkontrollforskrifta
- løyvet av 12. mai 2015
- dokumentasjon som verksemda la frem under tilsynet

Informasjon om regelverket finn de på [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no) og [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no).

### Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevningen (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrolllova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

## 7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

### Avvik 1: Verksemda stettar ikkje vilkår i utsleppsløyvet

#### Avvik frå:

Løyve etter forureiningslova datert 12. mai 2015

- a) Notimpregnering og reingjering, punkt 3.4 i løyvet
- b) Varsling om akutt forureining, punkt 10.6 i løyvet

#### Kommentar til punkt a:

Det er stilt krav i løyvet om handtering av nøter. Nøter som er impregnerte med miljøskadelege kjemikal (inkludert kopar), kan ikkje vaskast og reimpregnerast på oppdrettslokaliteten. Nøter som ikkje inneheld miljøskadelege kjemikal kan vaskast og reimpregnerast på staden. Grovreingjering av nøter i form av spyling kan tillates så lenge oppdrettar kan dokumentere med prøvetaking at det ikkje skjer ei oppsamling av kjemikal (kopar og sink) under anlegget som gir ulempe eller skade på miljøet.

**Avvik a er basert på følgjande observasjonar:**

Verksemda høgtrykksspylar nøtene sine. Det var ved dato for tilsyn endå ikkje gjennomført målingar av kopar og sink, eller gjort ein vurdering av kva slags påverknad reingjøringa av nøtene har på miljøet.

**Kommentar til punkt b:**

Det er stilt krav i løyvet om varsling av akutt forureining. Verksemda skal varsle akutt forureining eller fare for akutt forureining i samsvar med gjeldande forskrift . Dette gjeld til dømes akutte utslepp av antibiotika, kjemikalie og liknande. Verksemda skal også, så snart som mogleg, varsle Fylkesmannen på e-post [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no) i slike tilfelle.

**Avvik b er basert på følgjande observasjonar:**

Beredskapsplanen inkluderer berre varsling av akutt forureining til KFOAS og Kystverket. Planen har ikkje med eit punkt om at det ved akutt forureining skal sendast melding til Fylkesmannen.

**Avvik 2: Internkontrollen har manglar med omsyn til ytre miljø****Avvik frå:**

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd

Forurensningsforskrifta § 18

**Kommentar til regelverket:**

Et internkontrollsystem skal sikre at verksemda overheld krava som er satt i forureiningslova, i produktkontrollova og relevante forskrifter. Både arbeidet med risikovurdering og rutinar skal vere skriftlig. Skriftlige rutinar bidrar til å sikre at alle ledd i organisasjonen har same informasjon.

*Skriftlege rutinar*

Verksemda skal ha skriftlege rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot fastsatt i eller i medhald av lov eller forskrift.

Arbeidsrutinar må vere dokumenterte slik at dei kan inngå i internkontrollen.

*Risikovurdering*

Anlegget må kjenna til risikoen for forureining ved vanleg drift og ved alle arbeidsoperasjonar og uønska hendingar som kan oppstå på anlegget. Anlegget må også kjenna til kva for kjemikalier og medisin som blir brukte og kva for effekt desse har på miljøet. Ut frå dette kan ein så laga ordningar og rutinar for å minska risikoen for utslepp og forureining, og beredskapsplanar for uønska hendingar. I arbeidet med risikovurderingar er det viktig å vita kva som er gjort av slike vurderingar og tiltak tidlegare, og alle miljørisikovurderingar skal derfor vera skriftlege.

### *Tanklagring*

Kapittel 18 i forureiningsforskrifta gjeld for tankar for petroleumsprodukt på meir enn 10 m<sup>3</sup>. For andre farlege kjemikal (til dømes ensilasje tilsett >2 % maursyre) og farleg avfall gjelder kapitlet for tankar over 2 m<sup>3</sup>. Miljørisikoanalysen skal omfatte alle forhold ved tanklagring i verksemda. Den ansvarlige for lagringa skal til ein kvar tid kunne dokumentere at krava i kapittel 18 i forureiningsforskrifta er oppfylt.

### *Miljømål*

Verksemda skal ha vurdert kva som er akseptabel forureining og påverknad av resipienten ved drifta. Ut frå dette skal Kobbekvik og Furuholmen Oppdrett AS setje miljømål som sikrar at drifta ikkje medfører unødig forureining av det ytre miljø på lokaliteten deira. Desse måla skal gjelda for anlegget, og dei skal vera konkrete og dokumenterte slik at ein veit om måla er nådde eller ikkje.

Leinga skal vurdere om måla er nådd eller ikkje. Denne vurderinga skal visa om mål og delmål er nådde, eller om drifta må justerast for å oppnå dette.

Dei tilsette må kjenna miljømåla. Den daglege drifta av anlegget skal vere lagt opp for å nå måla.

### **Avvik 2 er basert på følgjande observasjonar:**

Internkontrollsystemet er under overføring til et nytt system som heiter EQS. På dato for tilsyn var ikkje det nye systemet fullstendig implementert. Verksemda har uansett etablert internkontroll, men den har manglar når det gjeld ytre miljø. Til dømes når det gjeld:

### *Skriftlige rutinar*

Verksemda manglar nokon prosedyrar knytt til ytre miljø, til dømes prosedyrar for  
-kjemikaliebruk/legemidlar  
-avfallshandtering, lagring

### *Miljørisikovurderingar*

Verksemda har gjort ei risikovurdering, men den har nokre manglar. Tema som ikkje er risikovurdert inkluderer:

- støy
- effektar på resipient
- handtering av nøter med tanke på kobbar
- tanklagring av diesel og ensilasje

### *Miljømål*

Det er ikkje satt anleggsspesifikke og konkrete mål for lokaliteten, til dømes for

- energieffektivitet
- avfallsmengde
- fôrforbruk
- kjemikalieforbruk
- påverknad (tilstandklasse) i resipient

## **8. Merknader**

Vi har ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

## 9. Andre forhold

*Avfallsdeklarering.no*

Verksemda oppgjer at dei har tenkt å registrera seg i [avfallsdeklarering.no](https://avfallsdeklarering.no), det nye elektroniske systemet for deklarerering av farleg avfall. Nettsida er den elektroniske erstatninga for det papirbaserte deklarasjonssystemet for farleg avfall. Les meir på [Miljødirektoratets nettside](#).